

ONSDAG16. APRIL er det klart for PÅSKEFEST M/DANS PÅ DØNHAUGLÅVEN. To hovudartistar vil vera i sving på Dønhauglåven denne kvelden, ORBO (Ole Reinert Berg-Olsen) og Robert Smith-Hald stiller begge med fullt band.

Begge er singer/songwritere og lagar både tekstar og musikk sjølve. Begge slepper nye CD-/EP- på marknaden i desse dagar. M.a.o, masse nytt stoff. Musikken som vil bli presentert denne kvelden spenner over eit vidt spekter, alt frå rock, blues, til pop/roots, rock'n roll og også litt country-prega. M.a.o., godt dansbar musikk for dei fleste aldersgrupper, i tillegg til flott musikk å lytta til. ORBO har vunne to Spelemannsprisar, og har har til saman gitt ut sju album, både som soloartist og med bandet ORBO & The Longshots. I mars kom ein ny EP «Man O War», og til hausten kjem nytt album.

Vestkystrockaren har spreidd begrepet «Genuine Handmade Rock;n Roll», frå Longyearbyen til Los Angeles og i 2014 erdet 10 år sidan debutplata «Seven» kom ut.

ORBO blir rekna blant ein av dei fremste vokalistane og låtskrivarane me har i Norge i dag. 20 nye låtar skalfordelast på EP og album i løpet av året. Dette blir første nye ORB- album på tre år, og forventningane er store. Denne kvelden vil det bli servert smakebitar frå det komandalbumet.

Live presenterar ORBO ei blanding med låtar frå heile produksjonen sin, frå radiohiten "High Roller", til dei meir rootsy låtane frå "Genuine Handmade Rock'n Roll" samt mykje ,mykje meir.

Bandet denne kvelden vil bestå av ORBO på gitar og vokal, Reidar Opdal på piano, gitar og vokal, Magnus Skylstad på trommer og Eirik Larsen på bass.

Robert Smith-Hald har fleire gonger vitja Uskedalen, og bør difor vera godt kjend formusikkinteresserte i Kvinnherad. Robert kjem frå Pennsylvania i USA, der han vaks opp i eit nesten sjølvforsynt, bortgøymd trussamfunn. Familien flytta til Norge, og Robert har slått seg ned i Bergensområdet og blitt ein del av musikkmiljøet i Bergen.

I 2009 kom debutalbumet "Innocence Said", som hausta strålende kritikkar med blant anna terningkast fem i Dagbladet. I 2012 kom det andre albumet, "Thou Mayest". Denne vart spela inn i Nashville saman med bl.a. legender som Paul Griffith (John Prine) og Reese Wynans (StevieRay Vaughan-Double Troubl), og med Erick Jaskowiak og norske ORBO som produsentar.

Dette er eit americana, folk-rock album. Nashville og dei talentfulle musikarane som er med har gjort dette til eit eksepsjonelt album. "The best music experience I ever had" –har Robert sjølv uttalt. I desse dagar er han klar med nytt album, med release konsert i slutten av mars.

Vertskapet på Dønhaug lovar topp påske-stemming til fantastisk none-stop live-musikk frå kl 21.00 -01.30, der desse to banda vil veksle på å spele.

Førehandssal av billetter blir på Statoil Husnes og på Spar og Dønhaug i Uskedalen. Som vanleg legg me opp til busstransport etter arr.slutt. Då me har problem med betalingsterminal, oppmodar me gjestene til å ta med kontantar for bruk i port og bar.

Av Magne Huglen
Nett: Ola Matti Mathisen